

Gamalt frå Lenvik:

Om å vere åleine

Det er ikkje godt for mennesket å vere åleine. I futerekneskapene for dei harde åra under den store nordiske krigen, er det lite å finne om lovbrott i Lenvik, utan av eit spesielt slag. Folk er fredeleg og slit med armoda. Men de vil ikkje gjerne vere åleine. Somme søkjer i hop for tidleg Og det var det straff for dei dagar. Dette hadde nok sit grunn i strenge moralkrav frå ei kyrkje som hadde gripe inn på mange område etter kvart etter reformasjonen. Men vi må og hugse på at det var ein serskild avgift eller kopulasjonsskatt å betale for å vere ektefolk, så å leve saman ugift var i grunnen samstundes skattesnyting. Dersom paret då i mellomtida hadde gifta seg, eller høgtideleg lova gifte seg snarast, slapp dei rimeleg frå saka. Då måtte presten sende til tinget for referat melding om at ekteskap, er inngått. Såleis finn vi at presten Krog i Lendvigen den 24-12 1719 attesterer at Iver Gullbrandsen, Skougen blitt ektevigd i Lenvigen kirke i 1716 med Ane Jacobsdatter ”som han besov.”

Saka skriv seg frå 1716. Men enndå om dei hadde gifta seg eller gjorde det seinare, måtte dei betale bot, ektebot. Verre gjekk det med dei som kom på reint ville vegar. På Tinget i 1718 er det føre ei sak som lagmannen må ta seg av. Henrik Madsen, innerst på Grasmyr, blir dømt for utukt med Kari Olsdotter frå Salten. Om henne heiter det at det er 4. gongen ho blir dømt for slikt. Ho blir dømt til å k aggstrykast, denne gongen. Ingen vil ved dette have betale bot for henne, og sjølv eig ho ingen ting. Det merkelege er at på same tinget blir Kari Olsdotter dømt for utukt med sin ”medtjener Ole Olsen”. Venteleg er dette eit tidlegare tilhøve som kjem opp. I denne saka ser det ut til at arbeidsgjevaren frå den tid, Ole Christiophersens enke på Gibostad, må ha løyst henne ut. I

dei i dagar hadde arbeidsgjevarane eit visst ansvar for moralen til 3 tjenestefolka sine. Under aksjonen på Grasmyra har då venteleg Kari ikkje hatt nokon arbeidsgjevar.

Men no tilbake til Henrik på Grasmyr. Han må ha hatt godord på seg mellom folket der. For gode folk skyt i hop 6 riksdalar som blir betalt for han. Attåt skal han stå i gapestokken 4 kyrkjesundagar. Folk har tykt synd i Henrik. Saka har interessert lagmannen. For vi finn ein rapport frå Sorenskrivaren, som har vore på Grasmyr og sett på tilhøva hos Henrik og tala med husverten hans. Han har to mann med seg. Og i denne rapporten får vi vite meir om Henrik Madsen, og mykje om mangt: Tidleg på året 1718 hadde Henrik og hans «ekte-kvinde» lote skilje lag "for i hunger og sult". Dei måtte ta teneste kvar for seg for å berge livet. Og så gjekk det altså galt med Henrik då Kari kom innom på Grasmyr. Husverten til Henrik fortalde om Henrik og kona hans at dei hadde vore gift i 2 år då dei måtte fare kvar sin veg. Dei var så fattige at dei åtte "ikke et eneste kreatur, ja, ikke et ildgang at koge i, men bare sine armelige klæder".

Om Henrik høyrer vi ikkje meir. Ikkje Ole Olsen heller. Men Kari finn vi åre etter. Då e ho i teneste hos Rasmus Rasmussen i Øyfjord. Det blir leigd tre mann som skal fare til Øyfjord og hente Kari Olsdotter og føre henne til tinget på Vang. Men uver og storm berga Kari denne gongen. Transporten vårt forseinka. Då Kari kom til Vang, var lagmannen faren.

Året etter, 1720, finn vi ingenting om Kari.

Olav Løkse.